



Dei vidaregåande skulane

Dato: 09.03.2017
Vår ref.: 2017/1202-5
Saksbehandlar: bernyl
Dykkar ref.:

Politisk skuleval 2017

Politisk skuleval vert i år gjennomført 4. og 5. september. Udir rår skulane til å gjennomføre valet på dei offisielle skulevaldatoane, men skulane kan velje å arrangere skuleval frå 28. august.

Påmelding til politisk skuleval opnar 18. april. Alle dei vidaregåande skulane får informasjon om påmelding direkte frå NSD (Norsk Senter For Forskningsdata). Det er NSD som har administrativt ansvar for å gjennomføre skulevalet.

Felles arrangement.

Skulevalkampen er ressurskrevjande for ungdomspartia. Vi ber skular, som hadde felles arrangement ved valet i 2015, om å vidareføre denne ordninga. Andre skular vert oppmoda om å vurdere ei slik samlokalisering av politiske debattar og valborg der det lar seg gjere.

Dato for valkamp.

Skulevalet er tett opp mot skulestart. Vi ser såleis for oss at valkampen først tek til den 23.08.2017. Vi er i gang med å fordele datoar og tidspunkt for dei politiske valkamparrangementa. Oversyn over desse vert sendt ut til skulane om kort tid. Dersom skular ønskjer å arrangere skuledebatt før den 23.08, ber vi om ei snarleg tilbakemelding om dette til Berit Nyland på berit.nyland@hfk.no. Andre ønske om spesifikk dato kan og vurderast. Send til same kontaktperson innan **1.04.2017**.

Vi ber skulane om å gjennomføre same opplegg for valkamp som vart tilrådd ved skulevalet i 2015: Innleiande debatt på inntil 90 minutt; påfølgjande valborg på ca 30-60 minutt. Dei politiske ungdomspartia ønskjer at debatten kjem før valtorget. Slik finn dei at elevane vert betre budde til å stille spørsmål til politikarane på valtorget.

Valform:

Skulane har høve til å velje mellom to ulike valformer: urneval og elektronisk val. I Hordaland har vi 12 skular som vanlegvis gjennomfører elektronisk val. Det er ulike årsaker som ligg til grunn for dette. Miljøomsyn, ressurs sparing og forventna elektronisk val i framtida, er bland dei årsakene som har vore nemnde. Ingen melder tilbake at dei har hatt tekniske vanskar med elektronisk valgjennomføring. Alle desse meiner vi er gode grunnar for å tilrå elektronisk valform framfor urneval. Den endelege avgjerda om valform er derimot opp til skulen.

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Berit Nyland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.